

Årsmelding

for Aurland fjellstyre

2015



Aurland fjellstyre,

januar 2016

FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg ute på fjellstyret si nettside www.aurland-fjellstyre.no. Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

Aurland, den 9.2.16

Erling Nesbø
fjellstyreleiar

May- Britt Martinsen

Bjørn Ebne

Ingeborg Indrelid

John Håland

INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2015	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	4
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	7
5.	REIN OG REINSJAKT	"	8
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	10
7.	SMÅVILT	"	10
8.	FISKE	"	12
9.	ANLEGGSPANAR I ALLMENNINGEN	"	13
10.	ØKONOMI	"	13

Framsidedfoto:

- Knut Fredrik Øi i fjelloppsynet på strukturteljing av rein hausten 2015
- Naustet ved nedsta Storebotnvatnet etter oppretting av mur

Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2015
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2015

FJELLSTYREMØTE OG SAKER I 2015

Det vart halde 7 møte og handsama 36 saker dette året.

Fjellstyremøte den 10. februar:

- 1/15. Referat og meldingar
- 2/15. Fjellstyrerekneskapen for 2014
- 3/15. Fjellstyret si årsmelding for 2014
- 4/15. Høyring: Forslag til forenkling av utmarksforvaltinga
- 5/15. Lagerbygg ved fiskehuset i Fossheim – finansiering
- 6/15. Samjaktavtalen mellom statsallmenning og private jaktfelt
- 7/15. Møteplan for 1. halvår 2015
- 8/15. Val av fjellstyret sin medlem til Aurland hjorteutval

Fjellstyremøte den 12. mars:

- 9/15. Referat og meldingar
- 10/15. Utlysing av hjortejakta i Aurland nordre statsallmenning, jaktfelt 1
- 11/15. Opplegg for revisjon av forvaltingsplan for Aurland statsallmenning
- 12/15. Justering av prisar for fjellstyret si hytte i Håbergsholene
- 13/15. Invitasjon for deltakarar i fjellstyra sitt fiskeprosjekt
- 14/15. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen

Fjellstyremøte den 15. april:

- 16/15. Referat og meldingar
- 17/15. Framlegg til oppretting av bestandsplanområde for hjort, utkast til bestandsplan og vedtekter
- 18/15. Grensa mellom hjortevalda Horten og Aurland nordre statsallmenning
- 19/15. Jakttid for rype og hare hausten 2015
- 20/15. Fjellstyresambandet sitt fiskeprosjekt – oppretting av lokal ressursgruppe og vidare Framdrift
- 21/15. Aurland sikringsradiolag – søknad om tilskot

Fjellstyremøte den 18. mai:

- 22/15. Referat og meldingar
- 23/15. Trekking av hjortejakta i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen
- 24/15. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2006 – 2019, del 1-3

Fjellstyremøte den 10. juni:

- 25/15. Referat og meldingar
- 26/15. Disponering av overskytande fellingsløyve for hjort i Nordheimsdalen
- 27/15. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen i 2015
- 28/15. Trekking av fellingsløyva for villrein

Fjellstyremøte (telefon) den 14. september:

- 29/15. Restriksjonar på småviltjakta i Aurland statsallmenning 2015.

Fjellstyremøte og –saker i 2015, framhald:

Fjellstyremøte den 3. november:

- 30/15. Referat og meldingar
- 31/15. Høyring: Revisjon av forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning
- 32/15. Oppsynsbudsjettet til fjellstyret for 2016
- 33/15. Oppsummering av reinsjakta i år
- 34/15. Trekking av vinnar av skrapdyrordninga

Fjellstyremøte den 9. desember:

- 35/15. Referat og meldingar
- 36/15. Fjellstyrebudsjettet for 2016

Elles vart det, i samarbeid med grunneigarlaget for villreinvald, halde eit jegermøte før reinsjakta. Nytt dette året var at hjorteutvalet for Aurland stod som medarrangør, og bidrog med mykje informasjon om den nye organiseringa av elg- og hjorteforvaltinga.

Fjellstyret har dette året vore representert i, eller medlem i, følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband
- Villreintualet for Nordfjella, styret (Erling Nesbø)
- Aurland Setjefisk SA, styret (John Håland, leiar)
- Aurland Fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Regionalt oppsynsutval – ROU (Erling Nesbø)
- Fjellstyra på Hardangervidda – FH (observatørstatus, Erling Nesbø)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Hjorteutualet for Aurland (Håkon Øydvin, sekretær)

2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Desse tre har i 2015 vore tilsette i fjellstyret:

- Håkon Øydvin 100 % stilling (fjelloppsyn, driftsleiar setjefiskanlegg)
- Knut Fredrik Øi 100 % stilling (fjelloppsyn/gjetar, kommunal viltforvaltar)
- Harald Skjerdal 50 % stilling (fjelloppsyn, dagleg leiar)

I tillegg engasjerte fjellstyret sesongoppsyn/ferieavløysar i juli – august. Erlend Øydvin hadde dette engasjementet, som m.a. innebar sauetsyn, fiskeoppsyn og avløyning på setjefiskanlegget.

Det er lite sjukefråver mellom dei tilsette i fjelloppsynet. I 2015 var dette talet 45 timar, eller 1 % av samla arbeidstid.

Arbeidstida til fjelloppsynet i 2015 fordelte seg slik:


1922 timar arbeid for fjellstyret utgjer 44,7 % av arbeidstida.

2453 timar arbeid for andre oppdragsgjevarar utgjer 55,3% av arbeidstida.

4375 timar totalt.

Timeverka som vart utførde for andre oppdragsgjevarar enn fjellstyret fordelte seg slik (2014- tala i parentes):

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåver	Timar
Aurland Setjefisk BA	Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing	835 (665)
Villreikutvalet for Nordfjella	Sekretærarbeid, teljingar, jaktoppsyn	412 (491)
Statens Naturoppsyn	Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag	355 (332)
Aurland/Lærdal Kommune	Viltforvaltning	830 (856)
NINA	Merkeprosjektet for villrein	11 (7)
Elveeigarlag Aurland	Fiskeoppsyn o.a.	5 (11)
Andre	(NVE, Naturdata)	5 (25)
	Totalt:	2453 (2387)



Kontroll- og reaksjonsstatistikk for fjelloppsynet i Aurland i 2015 (2014-tala i parentes):

	Tal kontrollerte	Tal rapporterte saker	Tal saker oppgjort på staden	Tal informerte
Småviltjakt	5 (2)	-	- (1)	
Storviltjakt	47 (35)	1 (1)	1 (1)	
Fiske	20 (39)	-	2 (3)	
Motorferdsle	20 (21)	- (3)	-	
Vernereglar	-	-	-	
Anna	-	-	-	
SUM	101 (97)	1 (4)	3 (5)	189 (192)

3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I samsvar med partnerskapsavtalen som er inngått mellom fjellstyret og Aurland barne- og ungdomsskule, vart det gjennomført fiskedagar for fleire skuleklassar sist haust. Fjellstyret dekkjer busstransporten for klassane som er med, og får noko tilskot frå Statskog SF (gjennom regionalt oppsynsutval) til dette. Ein av turane vart gjennomført i samarbeid med SNO – Aurland. På desse turane vert det trekt garn, fisken vert teken ut av garna og sløgd av elevane, og steikt på steinhelle over bål. Desse klassane deltok:

26. august: 7. klasse ABU var med på prøvefiske i Vetlebotnvatnet. 10 elevar, 3 vaksne.

31. august: 3. og 4. klasse ABU, Stemmerdalen. 30 elevar og 3 vaksne.

1. september: 1. og 2. klasse ABU, Stemmerdalen, 22 elevar og 3 vaksne.

7.-8. september: 3. og 4. klasse Flåm skule, Vargebotn (samarbeid SNO) 10 elevar, 3 vaksne.

23. september: 1. og 2. klasse Flåm skule, Stemmerdalen. 9 elevar og 3 vaksne.

Til saman **81** skuleborn og 15 vaksne har vore med på desse fiskedagane i 2014.



Fiske i Vargebotnvatnet (foto K. F. Øi)

4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret disponerer 5 opne hytter som alle som vil kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 100. Det er gratis bruk av hyttene for born og ungdom under 20 år.

- Storebotnhytta (bygd i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd i 1985, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (bygd av Oslo Lysverker på 1960-talet, overteken av fjellstyret i 2008, 4 sengeplassar)

I tillegg eig fjellstyret desse hyttene:

- Gjetarhytte i Brubotn (bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Vert nytta som base for sesongoppsyn/gjetar)
- Utleigehytte i Håbergsholene (overteken av fjellstyret frå Statnett i 2006, vert leigd ut gjennom *inatur.no*, 10 sengeplassar, leigepris fastsett av fjellstyret)

To hytter i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, står opne og kan nyttast av alle som vil, på same vilkår som fjellstyrehyttene elles. Allmenningsstyret er eigar av desse hyttene, men det er inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmenningsstyret, som m.a. omfattar bruken av hyttene i dalen.

Grunna dei spesielle snøtilhøva sist sommar vart det ein nedgang i bruken av fjellstyrehyttene i høve til dei føregåande åra. Det var og tilfelle for utleigehytta i Håbergsholene, der nokre av dei som hadde booka seg inn i juli måtte flyttast ned til gjetarhytta i Brubotn.

Arbeid på fjellstyrehytter og -naust i 2015:

I tillegg til vanlege driftsoppgåver som transport av ved og gass, henting av bos, reinhald, vask av sengeklede o.a. vart følgjande arbeid utført dette året:

- Storebotnhytta: Naustet ved utløpet av vatnet vart retta opp, ved at deler av muren vart teken ned og murt opp att.
- Mydlovasshytta: det vart greve ei dreneringsgrøft for å få vassig vekk frå fundamentet ved inngangspartiet.
- Hytta i Håbergsholene: Vindaugssprossene vart skrapte og beisa utvendig, olja imellom ytter- og innervindauge.
- Gjetarhytta i Brubotn: Vindaugssprosser skrapte og beisa inn- og utvendig.

Naust og båtar

Fjellstyret hadde dette året 10 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til fri bruk i samband med fiske. Alle båtane er utstyrde med årar og redningsvestar.

- Nedste Storebotnvatnet (naust og båt)
- Fremste Melavatnet
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt, båten tilhøyrer Aurland jakt- og fiskelag)
- Langavatnet ved Kongsheller
- Svartavatnet
- Nedste Mellomvatnet
- Alvsvatnet
- Katlamagasinet (båt i fiskesesongen)
- Nedre Berdalsvatnet

Dei fleste av desse båtane vert lagra ute heile året, noko som stort sett går bra. Det krev at fjelloppsynet går over og sjekkar at båtane er forsvarleg opplagde før vinteren.

5. REIN OG REINSJAKT

Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2015:

	Aurland statsallm.	Aurland totalt	Nordfjella
Vaksen bukk	14	26	130
Bukk 1 ½ år	6	10	38
Bukkekalv	9	17	46
Vaksen simle	27	50	143
Simle 1 ½ år	5	9	19
Simlekalv	6	13	34
Felt i alt	67	125	410
Tildelt kvote	140	289	1100
Fellingsprosent	47,9 %	43,3 %	37,3 %

Det vart tildelt 1100 fellingsløyve for villrein i Nordfjella i 2015, ein nedgang på 100 frå året før. Aurland fjellstyre disponerte 140 av desse, i tillegg til 8 løyve på Broksfjellet, sør for Myrdal (Hadangervidda villreinområde). Det var 185 innanbygds søkjarar på reinskorta, ein liten oppgang frå året før. Talet på utanbygds søkjarar var 32. Etter avslutta kortsal og tilbod til ein del jegerar på varalista var det 23 innanbygds søkjarar som ikkje fekk tilbod om kort. Elles fekk 14 innanbygdsbuande jegerar påskrift av fjellstyret på til saman 24 kort frå nabokommunar, slik at desse kunne nyttast i Aurland. 21 jaktlag vart godkjende av fjellstyret.

I samsvar med vanleg praksis gav fjellstyret eit fellingsløyve for fritt dyr som vart trekt mellom dei som deltok på jaktkarusellen som skyttarlag Aurland og Stålring skipar til, saman med Aurland jakt- og fiskelag. Dette aukar interessa for dette treningsopplegget. «Skrapdyrordninga» som fjellstyret har innført saman med grunneigarlaget for villreinvald vart vidareført i 2015, med den endringa at det no vart trekt ut to vinnarar mellom dei 10 jegerane som hadde meldt inn felling av smådyr av simle og kalv - ein vinnar av kalvekort og ein av simle-/ungdyrkort, gjeldande for jakta i 2016. Ordninga er meint å premiera felling av dei minste dyra.

Jakta 2015

I Austfjelli var det småflokkar, mest bukk, dei første jakt dagane. Seinare var det lite dyr innom – det meste stod lenger aust i villreinområdet. Difor vart det stort jaktpress på flokkane i Vestfjelli, som ein tokka til å utgjera til saman omlag 500 dyr. Desse stod i Aurland det meste av jakta. Av dei 125 dyra som vart skotne på Aurlandskort vart heile 111 felt i sone 2, og berre 14 i sone 1. For heile villreinområdet var fordelinga slik: Sone 1 – 241 dyr, sone 2 – 169 dyr. I 2014 vart det skote endå fleire dyr i sone 2, slik at ein må gå ut frå at reinsstamma i denne delen av villreinområdet er ein god del redusert dei siste par åra. Fjellstyret meiner det må setjast i verk tiltak frå jaktrettshavarane si side før komande jakt for å hindra at denne trenden held fram.

I Aurland nordre statsallmenning, og elles i områda nord/vest for fylkesvegen Aurland – Erdal, vart det ikkje registrert rein i det heile under jakta, og berre eit par enkle dyr før jakta. Dette har stort sett vore stoda etter at vegen fekk status som nasjonal turistveg for nokre år sidan. Det ser ut til at trafikken/aktiviteten vert for stor til at reinsflokkar kryssar vegen i sommarsesongen.

Samjaktavtalar

Samjaktavtalen mellom statsallmenning og dei private jaktfelte i Aurland vart vedteken å gjelda uendra for 5 nye år frå og med jakta 2015. Denne avtalen har vore gjeldande samanhengande sidan 1976, og har såleis 40-årsjubileum i år. Er dette Noregs lengstlevande samjaktavtale i reinsfjellet, skal tru?

For statsallmenningen Broksfjellet og 3 private vald som ligg i Aurland innan Hardangervidda villreinområde vart det inngått samjaktavtale for jakta 2015. Berre eitt dyr vart felt i dette området.

6. ELG- OG HJORTEJAKT

Våren 2015 vart det inngått avtale om samanslåing av vald mellom statsallmenningen og Breisnes. Inngått avtale opnar for at Breisnes kan få tildelt fellingsløyve av kvoten til statsallmenningen, mot at jaktlaget i allmenningen får jakta på Breisnes sin eigedom seinhaustes. Dette opplegget vart prøvt i jakta 2015.

Nytt opplegg i den lokale hjorteforvaltinga innebar godkjenning av ein felles 3-årig bestandsplan for hjort for dei fleste hjortevalda i kommunen, mellom desse Aurland nordre statsallmenning (Nordheimsdalen). Dette innebar at ein stod friare til å inngå samjaktavtalar med andre vald i kommunen som var tilslutta bestandsplanområdet. Fjellstyret tok konsekvensen av at det, i følgje jaktlaga som har jakta i dalen dei siste åra, ikkje er grunnlag for å ta ut heile fellingskvoten i dalen, og gav dei andre valda i bestandsplanområdet høve til å søkja på nokre løyve. Det var ei viss interesse for dette, og 6 fellingsløyve vart tildelte private vald, med det vilkåret i inngådde jaktavtalar at desse løyva ikkje skulle kunna nyttast i statsallmenningen.

På dei til saman 26 fellingsløyva for hjort som fjellstyret får tildelt i Aurland nordre statsallmenning vart det skote totalt 18 dyr. 12 av desse (8 av jaktlaget til AJF, 2 av utanbygds jaktlag, 2 av Breisnes) vart felte i fellesvaldet Nordheimsdalen/Breisnes, medan 6 vart felte i private vald som følgje av ordninga som er skildra ovanfor. Alt i alt gav nyordninga ei betre utnytting av fjellstyret sin tildelte fellingskvote, samstundes som inntekta til fjellkassa av hjortejakta auka.

Kjønns- og aldersfordelinga av alle dei felte dyra var slik:

Vaksen bukk:	4
Bukk 1 ½ år:	3
Hannkalv:	1
Vaksen kolle:	4
Kolle 1 ½ år:	3
Hokalv:	3
Sum	18

7. SMÅVILT/ROVVILT

Etter eit godt smågnagarår i 2014, vart det ein skikkeleg kollaps i bestanden våren 2015. Dette gjorde at rovvilt som rev, røyskatt og rovfugl måtte leita etter alternativ føde, som t.d. rype. I tillegg var det store snømengder som låg til langt utpå sommaren, og kaldt og vått ver i hekketida for rype. Alt i alt gjorde dette at det vart eit dårleg produksjonsår for rype. Svært få rypekull vart registrerte i fjella våre. Den fuglen som vart sett utover sommaren og hausten var stort sett vaksen fugl.

Fjellstyret tok konsekvensen av dei dårlege utsiktene for rypehausten, og gjorde i september vedtak om å stoppa alt sal av jaktkort på nettet. Vedtaket innebar at dei som hadde vore tidleg ute og kjøpt jaktkort likevel fekk nytta dette. Det vart ikkje levert ut kortblokker til dei vanlege salsstadene. Etter dette vart berre nokre få jaktkort selde, og då direkte frå fjellstyrekontoret til innanbygdsbuande jegerar, i samsvar med vedtaket. Jaktstart for dei som hadde fått kjøpt jaktkort var 1. oktober, det same som dei tre føregåande åra. Småviltjakta vart avslutta til jul.

Fordelinga av selde jaktkort for småvilt i 2015 og dei seks føregåande åra:

	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
1 dag	18	77	42	27	47	56	47
2 dagar	13	49	54	12	55	72	74
3 dagar	24	37	14	4	45	45	41
1 veke	2	7	2	3	20	18	16
Sesong	9	13	7	2	21	30	33
Sum:	66	183	119	48	188	221	211

I tillegg kjem 21 jaktkort selde for området Broksfjellet / Myrdal, som er eit jaktkortsamarbeid mellom fjellstyret og eit privateigd område. Det meste av kortsalet, både for Aurland statsallmenning og for Broksfjellet/Myrdal, skjer gjennom nettportalen *Inatur.no*.

Innkome rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte jaktinnsats og felling av småvilt i 2015 og dei 7 føregåande åra:

År:	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Tal rapportar	35	81	32	11	33	36	41	17
% levert rapport	53,0	39,3	26,9	22,9	17,5	16,3	19,4	10,5
Tal jaktdagar	98	166	54	22	93	80	97	32
Felte ryper/dag	0,26	0,5	0,28	0,25	0,3	0,4	0,7	0,8
Felt vilt:								
Fjellrype	25	83	15	5	25	29	60	25
Lirype	-	3	1	-	-	4	3	1
Hare	2	4	-	1	5	1	2	1
Villmink	-	-	-	-	-	-	-	-
Raudrev	1	-	-	-	-	-	-	-
Røyskatt	1	1	-	-	-	-	-	-
Ramn	1	-	-	1	-	-	1	-
Kråke	1	-	-	1	-	-	2	-

Det vart sett spor etter jerv i området vinteren og våren 2015, men det vart ikkje meldt om sauetap grunna jerv i beitesesongen i Aurland, sjølv om jerven gjorde skade i beiteområda nord for oss, i Lærdal.

8. FISKE

2015 vart eit unormalt år på den måten at store snømengder om våren og låge temperaturar i mai – juni gjorde at det gjekk langt ut på sommaren før isen reiste på fjellvatna. Ikkje før i slutten av august var dei høgastliggjande vatna nokonlunde isfrie. Kaldt vatn gjennom heile fiskelesongen gjorde at fisken var vanskeleg å få på stong. Dette gjorde at fiskeaktiviteten vart mykje mindre enn det som har vore vanleg dei siste åra. Dette syner att både på fiskekortsalet og på fangststatistikken. Talet på innanbygds fiskarar som kjøpte sesongkort for garnfiske vart berre halvparten av det som det plar liggja på, og for sportsfisket var tala endå dårlegare – under 1/3 av det som har vore vanleg sal dei siste åra.

Ein varmeperiode i august hjelpte godt på, slik at fisken i dei høgastliggjande vatna fekk sjå dagslys dette året òg. Det vert spanande å sjå komande sommar korleis fiskebestandane har greidd seg under desse tilhøva.

Tal frå fangststatistikken for 2015:

<i>Selde garnkort:</i>	52	
<i>Innlevert fangstrapport:</i>	52 (100 %)	
<i>Tal garnnetter:</i>	680	
<i>Tal fisk:</i>	1471	(av dette 47 på stong/oter)
<i>Kg. fisk</i>	579 kg	(" " 31 kg på stong/oter)
<i>Største fisk:</i>	1,3 kg	(fiska i Tisedalsvatnet)
<i>Fiskeinnsats pr. fiskar</i>	18 garnnetter	
<i>Sesongfangst pr. fiskar</i>	14,4 kg	(gjennomsnitt for dei som har fiska med garn)
<i>Fangst pr. garnnatt:</i>	0,8 kg	(2,0 fiskar)
<i>Gjennomsnittstorleik:</i>	0,38 kg	(garnfanga fisk)

Prøvefiske og tynningsfiske

Ein fekk i 2015 ikkje gjennomført noko særskilt tynningsfiske i vatn i allmenningen, utanom det som vert gjort overfor terskelen i Stemmerdalen, der born frå skulane i Aurland og Flåm var med fjelloppsynet på fiske. Tre vatn i allmenningen vart prøvefiska dette året:

Vargebotnvatnet

Sogn Jord- og hagebruksskule stod for prøvefisket. Fangstoversikten syner at det har vore ei positiv utvikling av fiskebestanden sidan vatnet sist vart prøvefiska (2010). Fisken i fangsten har gjennomsnittleg K-faktor på 1, som er normalt feit fisk. Særleg dei yngste fiskane i fangsten har bra vekst og K-faktor. Nokre av fiskane var infiserte av parasittar i innvollane.

Nedre Dyranosvatnet

Sogn jord- og hagebruksskule stod for prøvefisket. Fangstoversikten tyder på at eldre fisk som har stagnert i veksten kring 30 cm dominerer i fangsten. Desse har låg K-faktor (0,8 i gj.snitt), men fin, raud kjøtfarge. Lite ungfisk i fangsten, og den som er der har betre kondisjon enn eldre fisk. Mykje tyder på at forvaltinga av vatnet er på rett veg, med brems i fiskeutsetjinga nokre år, kombinert med oppfisking av den eldre fisken.

Vetlebotnvatnet

7. klasse på ABU var med fjelloppsynet og prøvefiska vatnet i slutten av august. Fisken har flott kondisjon (K-faktor 1,11) og kjøtfarge. Ser ut til å vera lite fisk i storleiken 25-30 cm, men elles bra med både større og mindre fisk i vatnet.

Fiskeutsetjing

Fjellstyret står for fiskeutsetjinga i alle uregulerte vatna i statsallmenningen, medan E-Co Energi AS har ansvaret for å følgja opp utsetjingspålegget i dei regulerte vatna. All fisk vert utsett som sommargammal setjefisk, og vert produsert lokalt på anlegget til Aurland Setjefisk SA, frå rogn av lokal stamfisk. I 2015 vart det sett ut 6150 fisk i dei uregulerte vatna i allmenningen. Noko av utsetjinga vert gjort på dugnad, i tillegg til at fjelloppsynet set ut ein del.

9. ANLEGGSPPLANAR I ALLMENNINGEN

Rehabilitering av kraftverksdammar

E-co Energi gjennomførte utbetring av overløp på to dammar i 2015; Vestredalsdammen og Langavassdammen. Komande sommar er det planlagt eit liknande arbeid på Katladammen, og det er planlagt ei omfattande forsterking av dammen på store Kreklevatnet. Særleg dette siste tiltaket vil føra med seg mykje transport, flyging og anleggsaktivitet elles i Aurland statsallmenning, med moglege ulemper for villrein, jakt og andre brukarinteresser i allmenningen. Dei neste 6-7 åra er det planlagt større forsterkingstiltak på fleire av reguleringsdammane i området, etter pålegg frå NVE.

Ny 420 kv kraftline Aurland – Sogndal

Ny line skal byggjast og den gamle 300 kv-lina skal rivast. Fjellstyret var med Statnett m.fl. på synfaring langs mykje av linetrasèen frå Kletten til Frønningen sist haust, og såg på kva konsekvensar bygginga vil få for m.a. hytter, kulturminne, landskap o.a. langs lina. Det er truleg at fjellstyrehytta i Storebotn må flyttast som følgje av at den nye linja kjem for nær.

10. ØKONOMI

Fjellstyrerekneskapen for 2015 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr. **2.380.381** og samla kostnader kr. **2.328.045**. Dette gav eit årsoverskot på kr. **52.336**.

Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rett bilete over egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

FISKESTATISTIKK AURLAND STATSALLMENNING 2015

	Tal garn	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Garnfiske				
Adamsvatn/ Langavatn	15	7	2,3	0,41
Dyranosv. Nedsta (prøvefiske)	7	13	2,4	0,27
Dyranosi småvatn	4	6	3	0,7
Dyranosv. Øvsta	12	35	14,5	0,8
Grønebotnvatn	10	13	4,5	0,4
Grånosvatn	5	18	11	0,9
Holmavatn	72	142	68,6	0,9
Katlamagasinet	10	1	0,2	0,2
Langavatn 1393	5	29	13	0,6
Liahovdvatn	10	52	24,2	1,0
Mydlovatn nedste	9	2	0,5	0,3
Mydlovatn mellomste	9	28	12,4	0,73
Nyhellermagasinet	293	728	262,8	0,85
Rynjulsvatn	3	14	8	0,9
Stemmerdalen over terskel	32	40	12,2	0,4
Storebotn nedsta	6	17	3	0,25
Svartavatn	116	172	70	0,6
Vargebotn (prøvefiske)	7	13	2,8	0,32
Vargebotn	12	18	5	0,41
Vargevatn store	18	34	11,36	0,55
Vetlebotn	25	42	16,1	0,5
Til saman	680	1424	547,86	

Oppsummering:

Fangstrapporatar	52
Ikkje fiska	14
Ikkje sendt melding	0
Utskrivne kort	52
% sendt fangstrapporatar	100,00 %

Gjennomsnittleg innsats (av 38 som har fiska) 18 garnnetter.

Sesongfangst pr. fiskar : 37,5 fisk, eller 14,4 kg fisk.

Fangst pr. garnnatt: 2,09 fisk eller 0,8 kg

Gjennomsnittstorleik 0,38 kg.

Sportsfiske

Brubotten		2	0,45	0,25
Bruahalli		1	0,5	0,5
Grånosvatnet		3	3	1,0
Katlamagasinet		10	3,5	0,35
Kjeldhusnosv. Fremsta		1	0,6	0,6
Kreklevatn		1	0,8	0,8
Navnlausa Skomen		6	4,1	0,8
Nyhellermagasinet		20	7	0,7
Rynjulsvatn		7	4	0,9
Svartavatnet		1	0,4	0,4
Tissedalsvatnet		1	1,3	1,3
Vesterdalsmagasinet		8	2,5	0,35
Vetlamelavatn		2	2	1,0
Vetlebotn		2	0,95	0,6
Til saman		47	31,1	

Aurland 25/1-2016

Håkon Øydvin

Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2015

Vatn	H.o.h.	Areal, hektar	Sist utsett	Framlegg	Utsetjar
Austfjelli:					
Heimste Melavatnet	1441 m.	25	2013	200	Arne Inge Øyum
Fremste Melavatnet	1450 «	35	2013	300	Øyvind Øyum
Heimste Kjeldhusnosvatnet	1472 «	55	2013	400	Inge Kvam
Vatn ved Grodalsstrupen	1465 «	10	2010	200	Arve Borlaug
Hellenutvatnet	1410 «	75	2013	500	Steinar Tønnesen
Øvre Sleipåvatnet	1507 «	20	2012	200	Håkon Øydvin
Mell. Sleipåvatnet	1460 «	20	2012	200	Håkon Øydvin
Store Liavatnet	1498 «	280	2012	800	Roger og Kjetil Tønnesen
Grønebotnvatnet	1427 «	11	2012	200	Knut Fredrik Øi
Langavatnet Kongsheller	1448 «	135	2013	400	Øyvind Øyum
Stemmerdalshalli, 4 nedre	1410-40	10	2011	300	Erlend Øydvin
Vetlebotnvatnet	1025 m.	83	2011	1000	Erlend Øydvin
Sum Austfjelli				4700	
Vestfjelli:					
Langavatnet 1393	1393 m	11	2013	200	Knut Fredrik Øi
Langavatnet 1395	1395 «	8	2011	100	Knut Fredrik Øi
Øvre Dyranosvatnet	1469 «	17	2012	200	Erlend Øydvin
Kreklefjellet, småvatn	1463-80	20	2013	300	Merete Rein
Namnlausvatn Skomen	1451-56	165	2013	500	Håkon Øydvin
Stemmerdalen over terskel				150	Knut Fredrik Øi
Sum Vestfjelli				1450	
Sum				6150	

Aurland februar 2016

Håkon Øydvin